



Bergen Byggteam AS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1482 - 15/9823

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

19.05.2015

Merknader til søknad om ansvarsrett tilknytt allereie godkjent bruksendring frå driftsbygning til leilighetsbygg - gbnr. 40/5 i Meland kommune

Det vert vist til søknad dagsett 15.3.2005 om godkjenning av føretaket Bergen Byggteam AS for ansvarsrett som ansvarleg søkjar (SØK) mv. i byggjesak 2009002385 (bruksendring av driftsbygning til leilighetsbygg på gbnr. 40/5 i Meland kommune). Saman med søknaden om ansvarsrett vert det òg søkt om endring av allereie gitt igangsettingsløyve (IG) i same sak, jf. søknad dagsett 15.3.2015.

Det er tidlegare altså gitt rammeløyve og IG i saka, jf. vedtak av høvesvis 26.5.2010 og 25.2.2013. Gjennom vedtaket om IG i 2013 vart dertil følgjande føretak godkjent for ansvarsrettar:

Føretak	Godkjenningssområde	Tiltaksklasse
Ramm Salbu Arkitekter AS Org.nr. 994 932 284 Lokal godkjenning	SØK PRO overordna - med unntak av røyrleggjararbeid KPR overordna	1
Bygg og Mur Teknikk AS Org.nr. 998 502 640 Lokal godkjenning	UTF tømrrarbeid	1
Hjelmås VVS AS Org.nr. 988 410 580 Sentral godkjenning	PRO røyrleggjararbeid UTF røyrleggjararbeid	1

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

I ettertid er ansvarleg søkjar v/ Morten Ramm Salbu avliden, medan Bygg og Mur Teknikk AS (ansvarleg utførande av tømrrararbeid) er slått konkurs. Det er på denne bakgrunn Bergen Byggteam AS søker om godkjenning som ansvarleg føretak for ansvarsområda SØK og for UTF og KPR av tømrrararbeid (tkl. 1).

Før kommuneadministrasjonen kan handsame søknadar om tiltak – under dette òg søknadar om ansvarsrettar og endringar av allereie gitt løyve – må søknadane innehalde dei opplysningar som er naudsynte for at administrasjonen skal kunne godkjenne det som vert omsøkt. Administrasjonen vurderer i den samanheng at mottatt dokumentasjon ikkje er tilstrekkeleg til å kunne handsame føreliggjande søknadar, idet det særleg vert vist til følgjande omstende:

- Det vert søkt om godkjenning av ansvarsrettar med heimel i høvesvis Plan- og bygningsloven (pbl.) av 2008 og Saksbehandlingsforskriften av 2010 (SAK10). Administrasjonen legg på sin side til grunn at både søknaden om ansvarsrettar og søknaden om endring av gitt IG må handsamast etter reglene i pbl. av 1985, SAK97 og Forskrift om godkjenning av føretak for ansvarsrett (GOF) frå 2003, sjå pbl. (2008) § 34-4 fjerde ledd («*Overgangsbestemmelser til byggesaksdelen*»):

«Saker om tillatelse etter §§ 93 eller 106a sendt kommunen før loven er trådt i kraft, skal for hele tiltaket behandles etter de tidligere reglene for behandling av slike saker.»

Byggesaksdelen til pbl. av 2008 trådte i kraft 1.7.2010, medan søknaden om bruksendring m/ tilhøyrande byggjearbeid vart mottatt av kommunen 3.8.2009. Det følgjer dermed av gjeldande pbl. § 34-4 at hele tiltaket behandles etter de tidligere reglene for behandling av slike saker, m.a.o. etter reglene i pbl. av 1985, SAK97 og GOF. Val av regelverk har ei reell betyding, ettersom krava som vert stilt både til byggjetiltaket og til dei ansvarlege føretaka er delvis avvikande i dei to regelverka. Dette har igjen m.a. konsekvensar for kva ansvarsrettar som kravst i denne saka og kva dokumentasjon dei ansvarlege føretaka skal sende inn til kommunen i samband med søknadar om godkjenning av tiltak eller ansvarsrettar.

Kommuneadministrasjonen ber på denne bakgrunn om at vedlagte søknad vert fylt ut og returnert til kommunen med tilhøyrande dokumentasjon. Om kva dokumentasjon som er naudsynt, vert det vist til punkta under.

- Både søknad om ansvarsrett og samsvarserklæring skal signerast av det føretaket som ansvaret eller samsvarserklæringa gjeld. Det vert gjennom slik signering òg erklært at føretaket er kjent med at det kan pådra seg straffeansvar eller andre sanksjonar dersom desse dokumenta inneheld feile opplysningar. Sistnemnde inneber at søknadar og samsvarserklæringar må signerast av ein person som har rett til å ta på seg ansvar på vegne av føretaket.

Både søknadar, vedlegg og samsvarserklæring er signert av Mats Granberg. Administrasjonen er ikkje kjent med kva rolle Mats Granberg har i Bergen Byggteam AS, og om Granberg i det heile tatt har fullmakt til å forplikte Bergen Byggteam AS. Dei registrerte opplysningane om Bergen Byggteam AS i Enhetsregisteret til Brønnøysundregistrene viser på si side at det berre er dagleg leiar og styreleiar Helge Bauge som har prokura på vegne av dette føretaket.

På denne bakgrunn må vedlagte søknad om ansvarsrett difor signerast av Helge Bauge, eventuelt at det leggjast ved fullmakt for Mats Granberg eller andre til å signere på føretaket sine vegne.

- Med heimel i pbl. av 1985 stiller GOF krav om at ansvarlege føretak dokumenterer ein plan for føretaket sin organisasjonsstruktur, jf. §§ 6-8. Denne organisasjonsplanen skal m.a. vise korleis ansvaret for oppfyljing av myndigheitskrav er delegert i føretaket og prosjektet, under dette t.d. organisering av fagleg leiing, organisering av prosjekt, avgrensing av oppgåver, kva føretaket sjølv gjer og eventuell styring av andre. Organisasjonsplanen skal med dette vise føretaket sin generelle fordeling av ansvar og myndigheit, kvalifikasjonane til den faglege leiinga og fagkompetanse hos andre tilsette med rollar i prosjektet.

For kvart tiltak eller prosjekt skal det i tillegg utarbeidast ein plan for prosjektorganisering som viser fordeling av ansvar for det konkrete tiltaket, samt eventuell tilknytning og styring av andre føretak. Sistnemnde plan må vise korleis prosjektet faktisk vert styrt og sikre at naudsynt kompetanse ligg føre. Denne prosjektorganiseringa skal sikre at alle oppgåver vert løyst på kvalifisert vis.

Føreliggjande søknad om ansvarsrett inneheld ikkje andre opplysningar om Bergen Byggteam AS enn at «*kompetansen videreføres frå Bygg og Mur Teknikk AS*», samt at føretaket disponerer fire personar med utdanningsnivå tilsvarande høvesvis universitet/høgskule m/ lågare grad, meisterbrev/fagskule og fagbrev/sveinebrev med meir enn 8 års arbeidspraksis kvar. Kommunen har dermed ikkje mottatt tilstrekkeleg dokumentasjon på korleis Bergen Byggteam AS er organisert, kva personar som inngår i leiinga og i det aktuelle prosjektet elles, kva formal- og realkompetanse leiing og tilsette har og kva styringssystem som gjeld (anna enn det som går fram av eigenerklæringa i søknaden om ansvarsrett).

Før administrasjonen kan handsame føreliggjande søknad om ansvarsrett må det difor sendast inn ein organisasjonsplan som viser føretaket sin organisasjonsstruktur, derunder overordna fordeling av ansvar og myndigheit, samt dokumentasjon på ressursar og kvalifikasjonar med omsyn til utdanning og praksis i føretaket, jf. høvesvis GOF §§ 6-8 og § 11. Det er altså ikkje tilstrekkeleg at det i søknaden er vist til kva organisering, system og kvalifikasjonar som gjaldt for eit føretak som i dag er avvikla. For god ordens skuld gjer administrasjonen samstundes merksam på at dokumentasjonen som vert sendt inn i denne saka vil kunne leggjast til grunn i framtidige sakar, slik at det i framtida vil vere tilstrekkeleg med eigenerklæring som dokumentasjon for oppfyljing av desse krava.

- Det ligg innanfor SØK sitt ansvarsområde å sjå til at alle funksjoner og oppgåver er belagt med tilstrekkeleg ansvar, jf. pbl. (1985) § 93b. GOF § 5 omfattar dertil fem funksjonar; ansvarleg søkjar (SØK), ansvarleg prosjekterande (PRO), ansvarleg kontrollerande for prosjektering (KPR), ansvarleg utførande (UTF) og ansvarleg kontrollerande for utføring (KUT). I ein byggjesak som vert handsama etter 1985-lova skal alle desse fem funksjonane i utgangspunktet vere belagt med ansvarsrettar. Om dei tilleggskrav som gjeld for SØK-funksjonen vert det vist til GOF § 8 nr. 1.

På bakgrunn av opplysningane i føreliggjande søknad stiller administrasjonen spørsmål ved om alle funksjoner og oppgåver faktisk er belagt med ansvar, t.d. UTF for andre fagområde enn tømmer- og røyrleggjararbeid, samt KUT for alle fagområde. I samband med innsending av ny søknad om godkjenning av ansvarsrett for SØK-funksjonen, må føretaket som skal vere ansvarleg søkjar difor ta stilling til om alle oppgåver faktisk er dekt med ansvarsrettar, eventuelt sjå til at desse vert omsøkt.

- Ved bytte av ansvarlig føretak vil det nye føretaket ikkje vere ansvarlig for forgjengaren sine eventuelle feil, idet det nye føretaket berre har ansvar for det vidare arbeidet. GOF § 13 legg difor opp til at det nye føretaket – ved bytte av ansvarleg føretak – sendar inn ein oversikt over status for

tiltaket på tidspunktet då ansvarsrettane vert bytta, slik at det kan fastsetjast eit grensesnitt for ansvaret til høvesvis utgåande og nytt føretak. Dette gjeld som utgangspunkt for alle funksjonar i tiltaket (SØK, PRO, KPR, UTF og KUT).

Sjølv om det frå søkjar si side er opplyst at Bygg og Mur Teknikk AS og Bergen Byggteam AS består av dei same aktørane, er det likevel tale om to heilt ulike rettssubjekt. I samband med søknad om godkjenning av nye ansvarsrettar for Bergen Byggteam AS – som delvis overlappar ansvaret Bygg og Mur Teknikk AS var godkjent for – må det difor leggjast ved ein oversikt over status for prosjektet på det tidspunkt Bergen Byggteam AS overtar dei aktuelle oppgåvene. Det same gjeld for dei oppgåver Bergen Byggteam AS har søkt om å overta frå Ramm Salbu Arkitekter AS (SØK-funksjon og KPR av tømrararbeid).

- I telefonsamtale med kommunen har Bergen Byggteam AS v/ Mats Granberg tidlegare opplyst at det – i tillegg til føreliggjande søknadar om høvesvis ansvarsrettar og endringar av gitt IG – òg er søkt om mellombels bruksløyve. Administrasjonen kan ikkje sjå å ha mottatt ein slik søknad, og vil difor be om at vedlagte skjema vert nytta når det skal søkjast om ferdigattest eller mellombels bruksløyve.

Føreliggjande søknadar om høvesvis ansvarsrettar og endring av gitt IG vert på denne bakgrunn vurdert som mangelfull og difor lagt i kommunen sitt ventearkiv. Når søknaden eventuelt er komplettert vil saka bli tatt opp til endeleg handsaming. Kommunen held seg likevel rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom administrasjonen finn dette naudsynt ved ein nærmare gjennomgang av søknadane.

Gebyr for kommunen si handsaming av søknaden om ansvarsrettar vert ettersendt, jf. pbl. § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste (Gebyrregulativ 2015) pkt. 10.2.10 («*Mangelfull sak m/ melding til søker*»). Søknaden om endring av gitt IG vert derimot ikkje handsama før saka er komplettert.

Ettersom gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det vert kravd gebyr – eller over storleiken på gebyret – jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Eventuell klage skal vere grunngitt.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

5159_soknad_om_lokal_godkjenning_av_foretak

5167_anmodning_om_ferdigattest_eller_midlertidig_brukstillatelse

Kopi til:

Tor Oscar Maaseide

Kopi til:

Tore Johan Erstad
Anny Bastesen

Mottakere:

Bergen Byggteam AS